


# Artroskopi ved degenerative knelidingar

Artroskopi (kikkholsoperasjon) av kneleddet er den vanlegaste ortopediske operasjonen i Noreg. Halvparten av pasientane er 50 år eller eldre, og dei fleste har ei degenerativ kneliding, dvs. aldersrelaterte endringar i kneleddet, som slitasje av bruskeoverflater (artrose) eller rifter i meniskar. Studiar har vist at artroskopi ved degenerative knelidingar, med skyljing av leddet og fjerning av meniskflikar og lause bruskbitar, har liten eller ingen effekt. Mellom anna i Helse Sør-Øst RHF har ein jobba målretta for å endre praksis, og vi ser i dei siste åra ein tydeleg nedgang i tal kneartroskopiar.


## Bakgrunn

Degenerative knelidingar er definert ved hovud- eller bidiagnose M17, M22.4, M23.2, M23.3, M23.4, M23.8 eller M23.9 (ICD-10). Operativ behandling (artroskopi) er definert ved diagnostisert degenerativ kneliding og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane NGA11, NGD01, NGD11, NGD91, NGF01, NGF11, NGF31, NGF91 (NCSP) eller takstkode K05b. Pasientar som er 50 år eller eldre er inkludert, med unntak av i figuren som viser kjønns- og aldersfordeling på opererte (alle aldrar).

Årleg tal artroskopiar, for pasientar 50 år og eldre, minkar i perioden frå nær 9 000 til omtrent 4 000 for landet samla.



Samla tal artroskopiar for degenerative knelidingar, for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt på kjønn og i aldersgrupper.




Operasjonsrate: Tal artroskopiar for degenerative knelidingar per 100 000 innbyggjarar (50 år og eldre), fordelt på buområde. Ratane er justert for kjønn og alder. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og er inndelt etter operert ved helseføretak eller avtalesjuehus som ligg i buområdet til pasienten, utanfor buområdet til pasienten eller operert ved anbodssjuehus eller hos avtalespesialist (uansett plassering).

## Resultat

Det er meir enn fire ganger så vanleg med artroskopi for degenerative knelidingar i buområde Førde som i buområde Stavanger, og tal artroskopiar går ned i nesten alle buområda.

Over halvparten av artroskopiene er utført ved offentlege sjukehus (65 %), dei aller fleste i pasienten sitt buområde. I seks av buområda blir omtrent halvparten av artroskopiene utført på private anbodssjuehus eller hos avtalespesialistar, og prosentdelen er størst (65 %) i buområde St. Olavs.

I 37 % av artroskopiene er hovudtilstanden kneleddsartrose, og prosentdelen varierer mellom buområda frå 18 % i buområde OUS til 63 % i buområde Bergen.



Operasjonsrate: Tal artroskopiar for degenerative knelidingar per 100 000 innbyggjarar (50 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016, og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for kjønn og alder.

## Kommentar

Variasjonen i bruk av artroskopi som behandling for degenerative knelidingar hos pasientar 50 år og eldre er særleg stor. Det føreligg ikkje kunnskap om variasjon i førekomsten av degenerative knelidingar som kan forklare variasjonen, og den blir karakterisert som uønska. Variasjonen skuldast truleg forskjellar i preferansar og tilbod i spesialisthelsetenesta i ulike deler av landet.

Det er ein tydeleg reduksjon i tal artroskopiar i perioden, men bruken av artroskopisk kirurgi ved degenerative knelidingar er fortsatt uforholdsmessig stor.